
Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 8. september 2015 08:38
Til: Postmottak Lindås
Emne: Uttale til søknad om utviding av anlegg for oppdrett av settefisk

Fra: Ola Midttun [<mailto:Ola.Midttun@fiskeridir.no>]
Sendt: 7. september 2015 16:06
Kopi: Postmottak Lindås
Emne: H-L-5 Lerøy Vest AS 886813082 - Søknad om utviding av anlegg for oppdrett av settefisk av laks og aure på lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune - uttale

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900

5020 BERGEN

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/8470
Dykkar referanse: 2015/6194
Vår dato: 07.09.2015
Dykkar dato: 18.06.2015

Att:

H-L-5 LERØY VEST AS 886813082 - SØKNAD OM UTVIDING AV ANLEGG FOR OPPDRETT AV SETTEFISK AV LAKS OG AURE PÅ LOKALITET 13653 BJØRSVIK I LINDÅS KOMMUNE - UTTALE

Vi viser til brev av 18.06.2015 frå Hordaland fylkeskommune og søknad dagsett 17.06.2015 frå Lerøy Vest AS om løyve til å utvide anlegg for oppdrett av settefisk for laks og aure frå 2,5 mill. til 7,5 mill. stk. sjøklar settefisk på lokalitet 13653 Bjørsvik i Lindås kommune.

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå at søknad om utvida produksjon ved Lerøy Vest AS sitt settefiskanlegg på Bjørsvik kjem i konflikt med utøving av fiske. Auka produksjon frå 2,5 mill. stk. til 7,5 mill. stk. settefisk vil medføre betydelig auke i utslepp frå anlegget. På bakgrunn av resultata av miljøundersøkingar og straummålingar som er utførte, meiner vi at auka utslepp til Osterfjorden ikkje vil overskride grense for kva som er akseptabelt nivå for miljøpåverknad.

Generelt om Fiskeridirektoratet sitt ansvar ved tilsyn av settefiskanlegg:

Når det gjeld settefiskanlegg har Fiskeridirektoratet sine regionkontor spesielt tilsyn for å sikre at krava om dobbeltsikring er innfridde. Vi syner i denne samanheng til akvakulturdriftsforskrifta sin § 37, tredje ledd som seier at "Landbaserte

akvakulturanelgg skal ha egnet innretning for å hindre at fisk rømmer gjennom avløpet eller på annen måte. Innretningen skal minimum bestå av en dobbel sikring eller annan likeverdig rømmingssikring. Det må kunne dokumenteres at annen likeverdig rømmingssikring er minst like rømmingshindrende som dobbelt sikring.” Vi føreset at dette vert teke omsyn til i omlegging av produksjonen og at eventuelt gamle kar og anna utstyr vert vedlikeholdt eller oppgradert om naudsynt slik at anlegget er rømmingssikkert.

Fiskeri:

Det ligg ikkje føre opplysningar om at det skal leggjast ut nye røyrleidningar eller utførast andre tiltak i sjøområda utafor settfiskanlegget i samband med utviding av anlegget. Vi kan derfor ikkje sjå at utviding av anlegget vil få noko praktisk betydning for arealbruk tilknyta utøving av fiske.

Marin miljø

I 2009 og i 2015 vart det utført MOM B-undersøkingar ved utsleppspunktet som ligg på 37 meter djupne ca. 300 meter frå anlegget. Ifølgje Rådgivende Biologer AS, som har utført undersøkingane på oppdrag frå Lerøy Vest AS, indikerer resultata av desse undersøkingane at miljøtilhøva utanfor avløpet er gode. Det er grunn til å understreke at fleire av grabbprøvane hadde sparsomt resultat for analyse pga bratt skrånande fjellbotn: «... Det var hard fjellbunn utenfor avløpet og lite materiale i prøvene, og der en fikk opp materiale bestod dette av hovedsakelig sand, grus og skjellsand. Lite dyr er generelt en indikasjon på belastende forhold, men her skyldes dette utelukkende manglende habitat for bunnlevende dyr på grunn av lite sediment og hard fjellbunn på stasjonene. Da blir det vanskelig å få opp nok sediment, og litt tilfeldig hvor mange og hvilke dyr en får opp...» (Rådgivende Biologer AS, rapport 2088/2015). Rådgivende Biologer AS konkluderer med at auka produksjon trulig vil føre til auka miljøpåverknad lokalt ikring utsleppspunktet, men at effekten framleis vil forbli akseptabel og moderat fordi det er gode tilhøva for vassutskifting i fjordbassenget. Fiskeridirektoratet region vest har ikkje merknader til Rådgivende Biologer AS sin vurdering utover at auka utslepp av organisk materiale til fjordmiljøet må overvakast ved vidare undersøkingar.

Med helsing

Kari Morvik
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND
Lindås Kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Mattilsynet	Felles postmottak	2381	BRUMUNDDAL

Vedlegg